

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
022/2018	Radøy eldreråd	PS	12.11.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/2562	18/16317

Politisk styringsstruktur Alver kommune - uttale eldrerådet

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Saka skal til uttale i ungdomsråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldreråd.

Mandat for prosjektgruppa for politisk styringsstruktur og lokaldemokrati vart vedteke i fellesnemnda 12.mars 2018.

Prosjektgruppa skal m.a. koma med framlegg om:

- politisk organisering og struktur for Alver kommune
- tal medlemmar til lovpålagte utval
- utval som ikkje er lovpålagte og tal medlemmar til desse
- delegering av mynde frå kommunestyret

Prosjektgruppa har utarbeidd eit utkast til politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune. Dette ønskjer dei at ungdomsråda, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldreråda i Radøy, Meland og Lindås skal koma med innspel til.

Prosjektgruppa bed særleg om tilbakemelding på følgjande, men råda kan sjølvstilt uttala seg om det ein ønskjer:

- saksområde
- tidspunkt for møta
- kor ofte skal det vera møte
- tal medlemmar

Sak om politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune vil på eit seinare tidspunkt bli sendt på høyring. Råda vil då få uttale seg på nytt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Radøy eldreråd - 022/2018

ELD - handsaming:

Eldrerådet i Radøy har tidlegare drøfta saka i fellesskap med eldrerådet i Meland og Lindås.

Dei tre eldreråda har sendt inn felles innspel til organisering av eldreråd i Alver kommune:

Eldrerådet i Alver skal ha ni medlemmar, tre av desse er valt frå kommunestyret. Dei øvrige seks valt i kommunestyret etter framlegg frå pensjonistlaga i kommunen

Eldrerådet vel leiar og nestleiar.

Ved etableringa av rådet i ny kommune er pensjonistlaga sitt framlegg at to må koma frå Lindås, to frå Meland og to frå Radøy, og med tilsvarande val av personlege varafolk. Dei tre som vert valt frå medlemmane i Alver kommunestyre må óg representera underutvala i kommunen (teknisk/levekår/næring).

Eldrerådet er eit rådgivande organ som skal behandla alle saker som gjeld levekår for eldre i Alver kommune. Eldrerådet må bli tidleg involvert slik at ein kan koma med uttale og anmodning før politiske vedtak skjer i kommunen.

Kommunen må syta for at rådsmedlemmane får opplæring i eldrerådet sin funksjon og rolle, og at rådet si rolle ikkje vert svekka i forbindelse med kommunesamanslåinga.

Eldrerådet i Radøy vedtek det felles innspelet frå dei tre eldreråda i dei tre Alver-kommunane.

ELD - vedtak:

Eldrerådet i Alver skal ha ni medlemmar, tre av desse er valt frå kommunestyret. Dei øvrige seks valt i kommunestyret etter framlegg frå pensjonistlaga i kommunen

Eldrerådet vel leiar og nestleiar.

Ved etableringa av rådet i ny kommune er pensjonistlaga sitt framlegg at to må koma frå Lindås, to frå Meland og to frå Radøy, og med tilsvarande val av personlege varafolk. Dei tre som vert valt frå medlemmane i Alver kommunestyre må óg representera underutvala i kommunen (teknisk/levekår/næring).

Eldrerådet er eit rådgivande organ som skal behandla alle saker som gjeld levekår for eldre i Alver kommune. Eldrerådet må bli tidleg involvert slik at ein kan koma med uttale og anmodning før politiske vedtak skjer i kommunen.

Kommunen må syta for at rådsmedlemmane får opplæring i eldrerådet sin funksjon og rolle, og at rådet si rolle ikkje vert svekka i forbindelse med kommunesamanslåinga.

Vedlegg:

Reglement Alver kommunestyre - UTKAST